



Sandøy kommune

-under høg himmel med vid horisont



Årsmelding 2019

Innhold

Årsberetning	3
1.1 Rådmannens kommentar	3
1.2 Pliktige opplysninger ihht. Kommuneloven § 48	5
Overordna føringer	7
Kommuneplanens handlingsdel – felles satsingsområde	7
Organisering – styring	9
2.1 Folkevalte	9
2.2 Administrasjon – tenester	9
Samfunnsutvikling	10
4.1 Folketalsutvikling	10
4.2 Næring og sysselsetting	11
Økonomi	13
6.1 Driftsrekneskap	13
6.2 Investeringsrekneskap	15
6.3 Økonomiske nøkkeltal	17
Kommunal verksemd	19
7.1 Folkevalde styringsorgan og fellestenester	19
Legetenesta	19
7.2 Arbeidsmiljø	20
7.2 Oppvekst og kultur	21
Administrasjon	21
Undervisning – Harøy skule	21
Integrering og vaksenopplæring	22
Barnehage	23
Kultur og frivillighet	25
7.3 NAV, rus, barnevern og sosiale teneste	27
7.4 Helse- og omsorgsteneste	29
7.5 Teknisk teneste	32
7.5 Prosjektstatus	33

Årsberetning

1.1 Rådmannens kommentar

Året 2019 var prega av at kommunen skulle bli del av nye Ålesund kommune. Dette etter over 150 år som sjølvstendig kommune. Mykje utviklingsarbeid vart satt på vent, men det var høg aktivitet for å få gjennomført mest muleg av planlagte tiltak.

Det var ein auke i folketalet frå 2016 til 2017, men deretter har det vore nedgang på 25 i 2018 og 30 i 2019. Dette må ha merksemd. Det var 1208 innbyggjarar i kommunen i 2019.

Ålesund kommune er sentral for å sikre vidare utvikling både gjennom kommunale arbeidsplassar, tilrettelegge for næringsutvikling og vidareutvikling av eit attraktivt lokalsamfunn. Eitt av dei sentrale måla i intensjonsavtalen for nye Ålesund er då også at dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane. Tenester innan helse og omsorg, undervisning, kultur og teknisk skal vidareførast.

Kommunedelsutval og innbyggjartorg skal sikre nærleik for innbyggjarane og samskaping med frivillige, næringslivet m.fl. Dette – i tillegg til Nordøyvegen - vil også kunne bli sentralt for vidare utvikling av lokalsamfunnet.

I samsvar med intensjonsavtalen skal det vere satsingar (fagmiljø) i alle dei tidlegare kommunane. Det vart i 2019 jobba med utlysing av stillingar innan havrommet som skulle lokalisert til Harøya, men pga den økonomiske situasjonen i Ålesund kommune er dette utsatt. Det er viktig å få dette på plass.

Det blir for ein periode gitt kompensasjon for reiseutgifter for tilsette i kommunen som no må pendle. Det er også lagt til rette for at tilsette i hovudsak kan ha arbeidsplassen sin på Steinshamn. Digitalisering gjer dette muleg, og gjer at ein kan sikre arbeidsplassar i distrikta. Samstundes krev dette utvikling av nye måtar å samhandle på. Det er viktig at det blir lagt til rette for dette framover slik at tilsette ikkje må flytte frå eit allereie sårbart samfunn. For dei fleste er det for langt med dagleg pendling frå til dømes Steinshamn til Ålesund.

Kommunen ber preg av mykje ressursar og godt kompetente tilsette, men det er ikkje tvil om at kommunen er for liten for å løyse mange av oppgåvene. På mange område blir fagmiljøa for små. Det er likevel mykje lærdom å ta med frå ein liten kommune inn i ein stor kommune. Det er grunn til å ta med erfaringane og gode eksempel. Kunnskap om kvarandre og fleksibilitet er mellom anna stikkord her. Det vil vere ein ressurs for den nye kommunen om ein tek med seg erfaringar og kunnskap frå alle dei fem kommunane.

Sandøy kommune har både romsdalingar og sunnmøringar. Ein del av nye Ålesund ligg på romsdalskysten, og kommunen grensar til tre romsdalskommunar. Kulturelt er særleg Ona og Sandøya knytta til Romsdal. Sandøy kommunestyre har gjort vedtak med ønske om vidare tilhøyre til Romsdalsmuseet. Samarbeid over kommunegrensene er ønskeleg også innan til dømes reiseliv og turisme.

Det har vore arbeidd med mange prosjekt i kommunen, og sluttrapport for fleire av desse vart lagt fram for kommunestyret hausten 2019. Sentralt er Sandøytunet som skal romme fleire viktige tenester for innbyggjarane.


Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma har i fleire år vore opptatt av å få på plass frivilligsentral. Frivilligkoordinator vart tilsett i 2019.

Uteområdet for skulen og ny brannstasjon er under planlegging. Utkast til kulturminneplan og rapport om reiseliv og turisme vart lagt fram for kommunestyret. Arbeidsmiljøet har hatt fokus m.a. gjennom oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport. Dette er eksempel på område som saman med mykje anna, må arbeidast vidare med i Ålesund kommune.

Årets driftsresultat vart eit mindreforbruk på 3,5 mill. kroner i 2019. Tenesteområda har eit meirforbruk på 3,9 mill. kroner, og budsjettområde skatt, finans og rammetilskot har meirinntekter på 7,4 mill. kroner.

Sandøy kommune tek med seg mykje ressursar og nokre utfordringar inn i nye Ålesund kommune, og har potensiale til å bli ein aktiv og sterk kommunedel innanfor ramma av fellesskapet i den nye kommunen. Lykke til!

Anny Sønnerland
Rådmann



Første ordfører Paul Gåsøy 1867



Siste ordfører Oddvar Myklebust 2019

1.2 Pliktige opplysningar ihht. Kommuneloven § 48

Når det gjeld økonomi, viser vi til omtale i andre delar av årsmeldinga.

Etikk

Sandøy kommune har etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette som vart vedteke i 2013. Desse skal hjelpe til større forståing og openheit og bidra til å hindre uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Retningslinjene låg på heimesida og blir teke opp på leiarmøte og personalmøte.

Internkontroll og betryggande kontroll

Ein sentral del av styringa er å sikre at verksemda blir driven i tråd med mål og rammer. Internkontroll skal sikre at det ikkje skjer avvik på vesentlege område. Kravet om internkontroll er forankra i kommunelova og ulike særlover. Sandøy kommune har hatt eit elektronisk kvalitetssystem. Arbeidet med ajourhald har ikkje vore prioritert. Her har vi venta på nye Ålesund.

Vi har internkontrollhandtering i Famac. Systemet følgjer opp brannberedskap, uteområde/leikeplassar og bygningar. Avik blir meldt gjennom Famac. Tilsynsrapportar og interne tilsynsrutinar ligg i systemet.

Innan økonomiområdet er det faste rutinar og avstemmingar for å sikre økonomisk kontroll. Det blir rapportert jamnleg til politiske organ både på økonomien og drifta til kommunen. Sandøy kommune har økonomitenester frå Ålesund kommune. Vår faste økonomikontakt hadde permisjon siste del av 2019. Vi hadde også færre ressursar på lønn. Samla gav dette ein risiko med omsyn til oppfølging og kontroll innan økonomiområdet.

Alle einingane gjer ei enkel risikovurdering i økonomiplan/budsjett. Dette skal omfatta både kvalitet, økonomi m.m. I 2019 var det mellom anna peika på kommunereforma som kan føre til at leiarane ikkje klarer å følgje opp tilsette og arbeidsmiljøet i tilstrekkeleg grad. Vidare var rekruttering innan brannvesenet og sjøleidninga til m.a. Ona peika på som eit risikoområde. Det siste viste seg å få konsekvensar i 2019 då utgiftene til tettting av sjøleidning til Ona vart ei ekstra utgift og kan forklare noko av meirutgiftene innan tekniske tenester.

Likestilling – diskriminering

Offentleg myndigheiter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsatt funksjonsevne m.m. Dette gjeld for kommunen som arbeidsgivar i eiga verksemd, og innan kommunens virkefelt. Det skal gjeraste greie for den faktiske tilstanden og rapporterast på planlagte og gjennomførte tiltak. Likestilling betyr likeverd, like mulegheiter og like rettigheiter.

Kommunen har eldreråd og råd for likestilling av funksjonehemma/råd for personar med nedsatt funksjonsevne. Råda har hatt jamnlege møte gjennom året, og gir innspel til politiske saker. Det kunne i enda større grad vore lagt til rette for medverknad.

Sandøy kommune har eit fleirtal av kvinner blant tilsette og i leiande stillingar. Tekniske tenester har overvekt av menn. I leiarteam er det tre kvinner og to menn.

Kommunen har ikkje prioritert kartlegging av faktisk tilstand og har heller ikkje iverksatt særskilte tiltak. Når det gjeld planlagte tiltak, må dette ivaretakast av Ålesund kommune.

Antal og prosent kvinner og menn i ulike sektorer i Sandøy kommune:

		Tal tilsette		Prosent	
		Kvinner	menn	kvinner	menn
	Sentraladministr/politisk verksemd/tillitsvalte	7	3	70	30
Oppvekste og kultur	• Administrasjon	1	0	100	0
	• Grunnskule	30	3	91	9
	• Barnehage	16	0	100	0
Helse/omsorg	• Andre	4	3	57	43
	• Administrasjon	4	0	100	0
	• dagaktivitetssenter/ avlastande tiltak	4	0	100	0
	• heimetenester	30	1	97	3
	• korttid/rehab	16	0	100	0
	Førebyggande (PPT, jordmor, helsestasjon)	3	0	100	0
	Storkjøkken	4	0	100	0
Tekniske tenester	• administrasjon	1	2	33	66
	• reinhald/uteseksjon	6	6	50	50
Kommunale legetenester		3	1	75	25
Sosiale tenester/NAV		1	0	100	0
I ALT		130	19		



Siste møte i eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting



Siste møte i kontrollutvalet

Overordna føringar

Visjon

«Under høg himmel med vid horisont»

Verdiar

Likeverd, ansvar, samhandling

Sandøy kommune skal med utgangspunkt i kommuneplan for Sandøy kommune 2011-2023 – samfunnsdelen – ha fokus på mellom anna; næringslivet, levevilkår, barn og unge, samferdsel, kultur, tenestetilbodet, folketalsutvikling og forvaltning av land- og sjøarealet.

Intensjonsavtalen for nye Ålesund har i tillegg vore eit sentralt styrande dokument. Sentrale stikkord her er; likeverdige tenester, lokalt engasjement og medverknad, mulegheiter for heile bu- og arbeidsregionen, konkurransekraft til næringslivet, rettstryggleik og verdigheit i alle tenestene. Både tettstader og bygder skal delta og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling.

Kommuneplanens handlingsdel – felles satsingsområde

Sandøy kommune hadde fleire område som det skulle leggjast vekt på i driftsåret 2019, dette i samsvar med handlingsplan, økonomiplan, budsjett 2019-2022.

Ein levande kommunedel i nye Ålesund - næringsutvikling

Sak om utvikling av lokalsamfunnet/kommunedelen vart lagt fram for kommunestyret juni 2019. Det vart sett av midlar til utlysing av stilling innan havrommet hausten 2019. Dette vart samordna med nye Ålesund. To stillingar vart lyst ut, men diverre er tilsetting utsett pga økonomien i Ålesund kommune. Rapport om utvikling av reisliv og turisme utarbeidd av ei arbeidsgruppe med representantar frå næringa m. fl., vart lagt fram for kommunestyret hausten 2019. NAV har hatt faste møte med næringslivet.

Folkehelse: Prosjekta for barn og unge, sjå eige punkt nedanfor, er Sandøy kommune si særskilte satsing innanfor folkehelse. Folkehelse skal gjennomsyre alle einingane. Det vart tilsett frivilligkoordinator i 2019. Turstiar har vore prioritert i tillegg er det løyvd midlar til utandørs treningspark.

Barn og unge: Kommunen har ulike satsingar mellom anna prosjektet «Kva er viktig for oss». Psykisk helse og foreldrerolla har hatt fokus. Rapport vart lagt fram for kommunestyret desember 2019. Aktivitetsveka – tilbod til barn og unge i sommarferien - vart gjennomført som planlagt. Ungdomsklubben har flytta til betre lokale.



FN sine berekraftsmål var tema på leiarsamling for Nye Ålesund.


Nye Ålesund: Overgangen til ny kommune har prega 2019. Det har krevd mykje av enkelte tilsette. Enkelte har delvis gått inn i sine nye funksjonar. Den største utfordringa har vore å finne ein god balanse mellom prosjektet og dagleg drift. Ein liten kommune blir sårbar i ein slik situasjon.

Sandøytunet: Byggeprosjektet Sandøytunet med mål om å vere ein god plass å bu, arbeide og besøke vart offisielt opna i august. Sluttregneskap, som viser eit meirforbruk, og sluttrapport vart lagt fram for kommunestyret. Sandøytunet inneheld ulike tenester. Bufellesskap, kommunehusdel, nærmiljøkafé var på plass i 2018, medan legetenesta, helsestasjon, fysioterapi og tannhelse flytta inn på nyåret 2019. Nærmiljøkafeen og innbyggjartorget vil sikre innbyggjarane ein møteplass og tilgang til ulike tenester.

Kompetanse – rekruttering: Sandøy kommune har framleis utfordringar knytt til rekruttering. Dette gjeld i første rekkje innan helse og omsorg. Det blir arbeidd med ulike tiltak. Stillingar for lærlingar har blitt prioritert. Rektor og ass rektor er på plass frå 2020. Kommunen gav mange ungdomar sommarjobbar.

Internkontroll: Det vart utarbeidd eigen rutine for avviksrapportering i skulen sidan skulen ikkje har erfaring med bruk av internkontrollsystemet IKKS. Arbeidet har elles ikkje hatt prioritet grunna overgang til nytt kvalitetssystem i ny kommune.

Planlegging: Kartlegging og verdsetting av friluftsområde er gjennomført. Utkast til kulturminneplan vart lagt fram for kommunestyret og er oversendt Ålesund kommune for vidare arbeid. Handlingsplan/økonomiplan har vore dei viktigaste plandokumenta kommunen har styrt etter.



Organisering – styring

2.1 Folkevalte

Tal møte og saker viser at det har vore om lag like høg aktivitet i 2019 som i 2018.

	Antall møte		Antall saker	
	2018	2019	2018	2019
Kommunestyret	11	10	82	104
Formannskapet	15	11	125	134
Eldrerådet	4	5	20	21
Rådet for likestilling av funksjonshemma	4	5	19	21

Formannskapet har også vore tiltaksnemnd og behandla støtte frå næringsfondet. Ungdommens kommunestyre har hatt fleire møte i 2019. Det er høve til innsyn i behandla saker i Sandøy kommune på Ålesund kommune si [heimeside](#).



Siste møte i formannskapet i Sandøy kommune.



Siste møte i Sandøy kommunestyre 5.12.2019

2.2 Administrasjon – tenester




Leiargruppa i Sandøy kommune:

Leiar for oppvekst og kultur, leiar for NAV, rådmann, leiar for helse og omsorg og leiar for tekniske tenester. Legetenesta er lagt til rådmannens stab. Dei ulike einingane blir nærare omtalt i kapittel 7.

Samfunnsutvikling

4.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2018-2019




Sandøy kommune hadde forholdsvis høg relativ vekst (1,4 %) i 2017. Det var derimot nedgang i folketallet på 25 personar i 2018 og 30 personar i 2019.

SANDØY KOMMUNE	2015	2016	2017	2018	2019
Innbyggjarar	1270	1246	1263	1238	1208
Fødte i løpet av året	9	6	9	6	9
Døde i løpet av året	19	17	15	13	18


For Sandøy kommune viser prognosen ein moderat nedgang dei neste 10 åra. Nordøyvegen og arbeid med lokalsamfunnsutvikling inklusiv næringsutvikling kan endre på dette. Fordeling av folketal per grunnkrets i Sandøy kommune går fram av tabellen nedanfor.

1.1.2019



Grunnkrets		Folketal		
Nummer	Navn	2019	Endring frå 2009	Endring frå 2014
15460101	Myklebost	214	-7	-2
15460102	Røsoke	96	-11	-7
15460103	Bruvoll/Morsund	143	1	-7
15460104	Steinshamn/Harnes	449	-55	-40
15460105	Huse	127	-3	9
15460106	Finney	148	33	15
15460107	Orten	12	-1	5
15460108	Sandøy	34	-3	-6
15460109	Ona/Husøy	15	-23	-9

4.2 Næring og sysselsetting




Industri er næringa med flest sysselsette. Det har vore ein nedgang dei siste åra frå 205 tilsette i 2015 mot 166 i 2018. Dei siste åra har Sandøy kommune hatt om lag 100 % arbeidsplassdekning, med ein liten nedgang i 2018. Mange bur og arbeider i eigen kommune. (over 80 prosent) Gjennomsnittsinntekta er høg i kommunen.

Arbeidsmarknad og ledigheit


Sjølv om siste åra har vore utfordrande for fleire mekaniske bedriftene i kommunen, særleg bedrifter som har arbeid knytt opp mot oljerelatert industri, har arbeidsløysa vore låg og mellom dei lågaste i fylket i 2019. Bedrifter som ikkje er oljerelatert, har klart seg bra gjennom året.

Talet på heilt arbeidsledige i kommunen har stort sett vore stabilt gjennom året. Ved utgangen av 2019 var det 8 heilt arbeidsledige, noko som utgjør 1,3 %, og det var 4 færre enn på same tid i 2018. Gjennomsnittet i fylket var i 2019 på 1,9% som var noko lågare enn for heile landet.

Arbeidsledige - utgangen av 2019



Utvikling i arbeidsløysa dei siste 12 månadane



Kilde: NAV januar 2020


Tilrettelegging og støttemidler til næringslivet

Støttemidler gjennom hoppid ordninga blir ivareteke av Innovasjonsselskapet Ålesund kunnskapspark (ÅKP) AS. Søknader til næringsfondet kjem inn via Regionalforvaltning.no. Saksutgreiing og vurdering blir utført av ÅKP før behandling i tiltaksnemnda i Sandøy kommune. Dokumentasjonskontroll er utført i samarbeid mellom ÅKP og Sandøy kommune før utbetaling av vedteke tilskot. Sandøy kommune hadde avtale med ÅKP ut 2019. ÅKP vil vidareføre arbeidet i 2020, og skal då også gjere vedtak ved tildeling frå næringsfondet.

Restmidlar frå hoppid og næringsfondet i Sandøy kommune skal overførast til eigen konti i ÅKP. Slik det ser ut vil Møre og Romsdal fylkeskommune fordele evt. nye midlar for 2020 som skal forvaltast basert på gammal kommunestruktur.

Hoppid	2017	2018	2019
Bevilga fra fylket	160 000	60 222	65 636
Tal søknadar	6	3	-
Tal søknadar innvilga	4	3	-
Tildelt beløp	79 200	92 000	0
Til disponering	80 800	49 022	114.658

Det vart ikkje delt ut hoppid midlar i 2019. Det vart heller nytta midlar frå næringsfondet sidan dette var meir naturleg for dei aktuelle prosjekta. Det vart ikkje tilført næringsfondet i Sandøy ferske midlar i 2019. Midlar frå tidlegare år var ikkje brukt opp, og ved inngangen til 2019 stod det om lag kr 700 000 til disposisjon. I 2019 kom det inn seks søknader der to vart behandla med positivt utfall. Resterande var ved utgangen av året ikkje ferdig behandla. I enkelte saker blir det tilbakeført midlar til fondet i samband med utbetaling, då dokumenterte utgifter er mindre enn vedteke tilskot.



Økonomi

6.1 Driftsrekneskap

Årets driftsresultat vart eit mindreforbruk på 3,5 mill. kroner i 2019. Tenesteområda har eit meirforbruk på 3,9 mill. kroner, og budsjettområde skatt, finans og rammetilskot har meirinntekter på 7,4 mill. kroner.

Rekneskapsskjema 1A	Rekneskap 2019	Registrert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2018
Rekneskapsskjema 1A – drift				
Skatt på inntekt og formue	43 169 072	40 400 000	38 700 000	39 378 219
Ordinært rammetilskot	52 159 507	52 620 000	54 880 000	53 244 367
Skatt på eigedom	1 790 750	1 800 000	1 800 000	1 700 345
Andre direkte eller indirekte skattar	0	0	0	-
Andre generelle statstilskot	9 072 523	5 106 000	5 106 000	9 491 223
Sum frie disponible inntekter	106 191 852	99 926 000	100 486 000	103 814 153
Renteinntekter og utbytte	5 595 943	6 150 000	6 030 000	3 653 808
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	-
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	5 803 391	5 200 000	4 900 000	4 696 151
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	-
Avdrag på lån	7 999 469	8 000 000	9 500 000	6 700 652
Netto finansinnt./utg.	-8 206 917	-7 050 000	-8 370 000	-7 742 995
Til dekning av tidlige reknsk.m. merforbruk	0	0	0	-
Til ubundne avsettingar	104 260	104 260	-683000	2 438 676
Til bundne avsetningar	13 553	-683 000	0	588 194
Bruk av tidlige reknsk.m. mindreforbruk	543 716	543 716	0	3 423 777
Bruk av ubundne avsettingar	10 730 000	10 730 000	10 630 000	600 000
Bruk av bundne avsettingar	537 767	675 000	675 000	2 268 565
Netto avsettingar	11 693 670	12 527 456	11 988 000	3 265 472
Overført til investeringsrekneskapen	439 456	439 456	0	427 101
Til fordeling drift	109 239 149	104 964 000	104 104 000	98 909 529
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	106 108 939	104 964 000	104 104 000	98 365 813
<i>Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk</i>	<i>3 130 210</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>543 716</i>

Frie disponible inntekter

Skatteinntektene (inntekt, formue og eigedomsskatt) vart høgare enn budsjettert med 2,8 mill. kroner i 2019. Rammetilskotet vart 0,5 mill. kroner lågare enn budsjettert. Kommunen fekk 2,9 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2019. Integreringstilskotet var på 3,9 mill. kroner som er om lag likt med budsjett. Dei frie disponible inntektene enda totalt med ei meirinntekt på 6,3 mill. kroner i 2019 samanlikna med justert budsjett.

Finansinntekter og - utgifter

Samla vart det eit positivt avvik på 3,3 mill. kroner innafor område finansinntekter og finansutgifter. Området omfattar rentekostnader, renteinntekter, avkasting på langsiktige midlar, premieavvik på pensjon med meir.

Netto driftsresultat

Brutto driftsresultat er driftsinntekter minus driftsutgifter. Netto driftsresultat er brutto driftsresultat minus/pluss finansinntekter- og kostnader. Netto driftsresultat viser kor mykje kommunen har igjen til avsetningar og investeringar. Resultatet vart negativt i 2019 med -8,1 mill. kroner, mot også eit negativt avvik på 2,3 mill. kroner i 2018. Dette utgjer høvesvis -5,9% og -1,7%.

Budsjettavvik frå tildelt ramme

Kommunestyret gir budsjettammer for drift satt opp i rekneskapsskjema 1B.

Regnskapsskjema 1B	Regnskap	Budsjett (end)	Budsjett	Regnskap
	2019	2019	2019	2018
1 FOLKEVALTE STYRINGSORGAN OG FELLESUTGIFTER	20 013 733	19 207 000	18 962 000	21 093 875
2 UNDERVISNINGSTENESTER	23 099 784	23 081 000	23 081 000	19 446 363
3 BARNEHAGETENESTER	6 979 103	7 707 000	8 352 000	7 423 347
4 SOSIALE TENESTER	1 717 788	2 104 000	2 104 000	1 689 888
5 HELSE OG OMSORGSTENESTER	38 042 832	37 683 000	37 683 000	34 635 348
7 KULTURELLE TENESTER	2 861 470	2 876 000	2 876 000	2 294 070
8 TEKNISKE TENESTER	13 055 706	9 185 000	9 185 000	9 667 321
SUM	105 770 416	101 843 000	102 243 000	96 250 212

Område 8 Tekniske tenester hadde eit meirforbruk på 3,9 mill. kroner. Dei andre budsjettområda syner mindre avvik, både positive og negative.

Budsjettavvika blir gjort greie for i kapittel 7 i årsmeldinga.



6.2 Investeringsrekneskap

Regnskapsskjema 2A	Rekneskap 2019	Registrert Budsjett	Opprinneleg Budsjett	Rekneskap 2018
Investeringar i anleggsmidlar	43 209 249	65 025 000	44 981 000	99 258 738
Utlån og forskottingar	130 000	0	0	0
Kjøp av aksjar og andelar	1 747 151	1 275 000	0	494 456
Avdrag på lån	110 119	0	0	85 715
Dekking av tidligare års udekka	439 456	439 456	0	427 101
Avsettingar	104 635	0	0	1 919
Årets finansieringsbehov	45 740 610	66 739 456	44 981 000	100 267 929
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	17 093 099	55 044 000	37 200 000	78 270 036
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	180 000	0	0	0
Tilskot til investeringar	14 800 000	725 000	675 000	685 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	8 177 360	9 056 000	7 106 000	14 641 821
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	3 755 670	0	0	4 773 317
Andre inntekter	0	0	0	30 000
Sum ekstern finansiering	44 006 129	64 825 000	44 981 000	98 400 174
Overført frå driftsrekneskapen	439 456	439 456	0	427 101
Bruk av tidligare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsettingar	1 295 025	1 475 000	0	1 001 198
Sum finansiering	45 740 610	66 739 456	44 981 000	99 828 473
Udekka/udisponert	0	0	0	-439 456

Sandøy kommune investerte for 43 mill. kroner i 2019 mot 99 mill. kroner i 2018. Dette vart i stor grad finansiert ved bruk av lånemidlar med 17 mill. kroner, 15 mill. kroner frå tilskot, 4 mill. kroner i refusjonar og mottatte avdrag, og 8 mill. kroner som kompensasjon for betalt meirverdiavgift.

Det totale investeringsnivået er 22 mill. kroner lågare enn justert budsjett. Sjå tabell nedafor:

Rekneskapsskjema 2B	Regnskap 2019	Buds(end) 2019	Budsjett 2019	Regnskap 2018
102 Datasystem økonomi	43 750	-	-	-
105 Arbeidsplanverktøy	-	-	-	303 624
106 Elektronisk møtebehandling	-	-	-	241 061
109 Dataprojekt – Sandøytunet	-	-	-	537 079
110 IKT-strategi	-	2 187 000	2 187 000	-
111 Arkivdetaljering IKA	423 790	-	-	966 651
114 Telefonisentral	10 531	-	-	78 235
140 Harøy kirke - Nye gravplasser	512 244	6 000 000	6 000 000	45 316
141 Harøy kirke - Maling utvendig	2 589	79 000	-	1 603 525
251 Datautstyr organisasjon	-	-	-	314 659
511 Treningspark Harøy stadion	238 645	-	-	-

604	Velferdsteknologi	97 249	-	-	-
803	Bustadprosjekt 2016	112 128	1 903 000	-	11 553 857
810	Utskifting eternittør	-	-	-	285 567
812	Oppgradering kommunal veg	3 286 001	1 250 000	-	-
828	Asfaltering komm. byggefelt	-	-	1 250 000	424 765
832	Turstianlegg	-	-	-	44 500
849	Måsvikremma - syd	9 691 779	10 125 000	10 125 000	3 924 579
855	Kloakk Ona syd	-	500 000	500 000	-
856	Høgdebasseng Myklebust	-	1 680 000	-	7 969 295
867	Veg/adresse prosjekt	-	625 000	625 000	-
871	Harøy stadion	-	-	-	7 556 001
876	Byggeprosjekt Sandøytunet	20 514 746	7 832 000	-	58 237 951
878	Måsvikremma syd - utbygging vann	710 633	3 000 000	3 000 000	332 497
879	Måsvikremma syd - utbygging avløp	292 232	1 000 000	1 000 000	901 229
880	Harøy barnehage - Nytt tak	-	875 000	875 000	-
881	Klatrevegg I.P Huse-hallen	-	-	-	1 485 210
882	Grasklippartraktor	-	-	-	193 813
883	Sikringsgjerde Harøy barnehage	-	-	-	337 093
884	Oppgradering brannstasjon	-	1 500 000	1 500 000	-
885	Finnøy fiskerihamn	-	-	-	900 000
887	Sandøytunet - Sjukesignalanlegg	320 544	-	-	1 022 233
888	Renovering bygg 3-4, Sandøytunet	2 658 319	5 425 000	1 500 000	-
889	Harøy skule - uteområde	215 581	6 250 000	6 250 000	-
890	Sandøytunet - parkeringsplasser	-	2 312 000	250 000	-
891	Røsok og Myklebust vassverk	-	300 000	300 000	-
892	Parkeringsplass Store-Rasmussteinen	-	625 000	625 000	-
893	Tursti - Store og Litle-Harøyburet	14 500	1 782 000	1 469 000	-
894	Harøy brannstasjon - forprosjektering	137 899	150 000	150 000	-
895	FV 208 - utbetring kryss	-	250 000	250 000	-
896	FV 207 - gangveg	44 625	750 000	375 000	-
897	Brannbil	1 578 176	6 250 000	6 250 000	-
898	Oppgradering Sandøyhagen - inventar	414 487	500 000	500 000	-
900	Brøyteutstyr 2019	1 888 801	1 875 000	-	-
TOTALT		43 209 249	65 025 000	44 981 000	99 258 740

Siste side i årsmeldinga gir ei statusoversikt over ulike prosjekt.

6.3 Økonomiske nøkkeltal

Godt driftsresultat, høg andel driftsreserve og netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Sandøy kommune har middels gode finansar. Sjølv om ein har eit stort disposisjonsfond så har kommunen ei høg lånegjeld. Brutto driftsresultat har vore negativt i fleire år, og ein har vore avhengig av finansavkasting for å få balanse i rekneskapet.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren syner resultatet i prosent av driftsinntekter etter at driftsutgifter, renter og avdrag er kostnadsført. Det vil sei kor mykje som kan disponerast til avsettingar og investeringar. Ei svakheit med indikatoren er at kostnader som slitasje og verdiforringing på bygningar, inventar, maskiner og liknande ikkje er trekt frå når netto driftsresultat blir berekna. Det betyr at kommunen må ha eit positivt netto driftsresultat for å ha ein berekraftig økonomi. Anbefalt minimumsnivå på netto driftsresultat er om lag 2% (bransjenorm). Netto driftsresultat for Sandøy kommune er negativt med -5% mot -1,6% i 2018. Kommunen er langt under nivået til kommunane i kostragruppe 05. Alle samanslåingskommunane har negative driftsresultat i 2019.

	2016	2017	2018	2019
1504 Ålesund	2,1	5,1	0,9	-2,1
1523 Ørskog	0,3	2,2	-1,9	-7,0
1529 Skodje	3,5	3,8	3,0	-2,4
1534 Haram	0,3	2,0	-0,4	-1,6
1546 Sandøy	1,5	2,6	-1,6	-5,0
KOSTRA-gruppe 5	2,9	2,6	5,6	0,9

(talla er henta frå SSB sin KOSTRA-statistikk og er førebelse tal for 2019)

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt

Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekkje uføresette utgifter og sviktande inntekter. Fondet bør utgjere 10% av driftsinntektene.

Sandøy kommune har hatt disponible midlar langt over norma i lang tid. Store delar er knytt til delfinansiering av Nordøyvegen. Kommunen er forplikta etter avtale til å svare for renter og avdrag til fylkeskommunen. Slik sett vil disposisjonsfondet minske etter kvart som betaling av denne forpliktinga skjer.

Sandøy kommune har størst andel blant dei fem samanslåingskommunane og ligg også høgare enn kostragruppe 05.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
1504 Ålesund	0	0	0	0	0,9	0,8
1523 Ørskog	6,6	6,2	1	1,3	2,9	0
1529 Skodje	4,1	8,6	9,2	10,6	10,1	11,6
1534 Haram	1,4	2,3	1,6	1,9	4,3	0,8
1546 Sandøy	28,4	28	21,3	23,7	24,6	15,9
Kostragruppe 05	6,3	6,1	7,6	8,1	11,5	11,5

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt

Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld fråtrekt totalt utlån, samt pensjonsforpliktingar. Netto lånegjeld bør vere under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50% av årlege driftsinntekter.

Sandøy kommune har vore over norma dei seinare åra, men hadde ein nedgang frå 2018 til 2019. Dette skuldast statsstøtte til Sandøytunet som vert brukt til å betale ned lånegjeld.

Kommunen ligg høgare enn dei fem samanslåingskommunane og kostragruppe 05. Denne indikatoren må sjåast i samheng med storleiken på disposisjonsfondet som indikerer om kommunen har driftsreservar og betalingsevne.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
1504 Ålesund	98	100,5	102,5	96,5	92,9	93,2
1523 Ørskog	73,2	78,2	97,1	135,2	149,9	158,2
1529 Skodje	94,7	92,7	89,1	87,6	97,5	89,3
1534 Haram	113	97,1	126,9	131,1	109,3	112,7
1546 Sandøy	84,7	85,9	100	145,3	195,5	166,2
Kostragruppe 05	59,4	62,6	65,6	68,7	73	64,7

Utvalte nøkkeltal for kommunerekneskapet for 2018 og 2019

	2018	2019
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	-1,6	-5,0
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	0,6	3,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	67,3	61,2
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	149,8	84,5
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	210,3	213,4
Frie inntekter per innbygger (kr)	74816	79873
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	25,0	19,2
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	74,2	31,1
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	21,2	58,0



Snart klar for opning av Sandøytunet august 2019.

Kommunal verksemd

7.1 Folkevalde styringsorgan og fellestenester

Økonomi

Området hadde samla eit meirforbruk på ca 800 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak ekstra utgifter innan EDB-tenester (kontingentar, lisensar, interkommunalt samarbeid), lønn og pensjonsutgifter.

Tenester

Stab og støttefunksjonar arbeider både for politiske organ, eigen organisasjon og ut mot publikum. Tilrettelegging for politisk styring er sentralt. Rådmann/administrasjonen skal sjå til at dei saker som blir lagt fram for folkevalte organ, er forsvarleg utreda, og at vedtak blir iverksatt. Sentralt er å drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og sikre nødvendig kontroll. Alle i stab har vore engasjert i arbeidet med utvikling av nye Ålesund.

Brukar og innbyggjar

Arbeidet på sørvistorget er sentralt i forhold til kontakt med brukar og innbyggjarar. Det blir lagt vekt å informere på heimesida og gjere mest muleg av aktiviteten i kommunen tilgjengeleg for innbyggjarane.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Stab og støtte består av sørvistorget med tre tilsette, lønsrådgivar, personalrådgivar og IKT-rådgivar. Legetenesta ligg også til stab. Kommunen har kjøpt økonomitenester og advokattenester frå Ålesund kommune, og selt tenester innan lønn til Haram kommune. Hovudverneombod har 20% stilling. Ein tillitsvalt fekk utvida stilling pga mykje arbeid og reise knytt til kommunereforma. Noko av desse utgiftene er dekt av nye Ålesund.

Arbeidsmiljøet har vore krevjande med mykje ekstra arbeid og usikkerheit for tilsette. Tilsette har gjort sitt beste i denne situasjonen.

Prioriterte tiltak

Demokratisk styring er sentralt, og den politiske aktivitet har vore like stor som tidlegare år. Ungdommens kommunestyre har blitt fulgt opp i større grad og har hatt auka aktivitet. Utvalet gav innspel til ungdommens miljøkrav som vart behandla i kommunestyret. Det har vore engasjement knytt til kommunedelsutval og innbyggjartorg – viktige område for lokalsamfunnet i framtida.

Legetenesta

Økonomi

Legetenesta - legekantoret – hadde eit mindreforbruk på knapt 100 000 kroner og legevakt eit meirforbruk på vel 100 000 kroner.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Legetenesta har lege, turnuslege og tre legesekretærer (2,1 årsverk).

Teneste – brukar

Den kommunale legetenesta dekker dei fleste legefunksjonar i kommunen. Det er etablert eit helseteam i samarbeid med omsorgstenesta som møtast to gongar i veka. Det var interkommunal legevakt i samarbeid med kommunane Aukra og Midsund fram til utgangen av 2019. Desse kommunane ønska i bli del av Molde interkommunale legevakt frå 2020. Sandøy inngår då i legevaktsamarbeidet i Ålesund kommune.

7.2 Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljø

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om arbeidsmiljøet i kommunen ba kommunestyret rådmannen gjennomføre tiltak. Det vart gjennomført tiltak mellom anna knytt til arbeidsmiljøutvalet og vernetenesta. Det vart vidare gjennomført eiga personalsamling for alle tilsette med tema: *Arbeidsmiljølova, roller for partane på ein arbeidsplass - plikter og ansvar for arbeidstakar og arbeidsgivar. Korleis skaper vi ein trygg og open kommunikasjonskultur? Utvikling av god dialog med tilsette og fokus på arbeidsmiljøet.* Det er ønskeleg at ein tek lærdom av rapporten og følgjer opp dette arbeidet vidare. Det har vore eit sentralt mål å gjennomføre medarbeidersamtalar. Dette har berre i varierende grad blitt fulgt opp. Det har vore faste møte med tillitsvalte. Dette har vore særleg viktig i ein fase med stor omstilling for mange tilsette.

I 2019 hadde kommunen avtale med Stamina bedriftshelseteneste. Helsekontroller vart gitt til tilsette som har rett til oppfølging.

Sjukefråvær

Dei prosentvise sjukefråværstala endrar seg frå kvartal til kvartal og frå år til år. Det er også vanleg at det er variasjonar mellom tenesteområda. Det kan vere ulike årsaker til dette. Eit langtidssjukefråvær i ei av tenestene kan eksempelvis utløyse ein høg sjukefråværsprosent i akkurat denne tenesta sjølv om dei tilsette elles er forholdsvis friske. Sandøy kommune hadde i 2019 ein total sjukefråværsprosent på 7,2 %. Sjukefråværet var 6 % i 2018 og 7 % i 2017. Sandøy kommune valte å vidareføre ordninga med utvida bruk av eigenmelding sjølv om dette ikkje inngår i den nye IA-avtalen. IA-avtalen har som mål å redusere det legemeldte sjukefråværet med 10 prosent samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. Frå 2018 til 2019 auka det legemeldte sjukefråværet med 20 prosent.



7.2 Oppvekst og kultur

Administrasjon

Oppvekst og kultur har felles administrasjon. Felles administrasjon omfattar stilling som einingsleiar, og styrka ressurs til barn og unge. Den siste ressursen vart i 2019 overført til skule.

Økonomi – administrasjon, undervisning, integrering og vaksenopplæring

Område 2 *Undervisningstenester* i budsjettet, som omtattar felles administrasjon, Harøy skule og integrering og vaksenopplæring, viste samla balanse ved utgangen av året. Skulen lånte merkantile ressursar frå område 1 frå august 2019. I tillegg vart det inngått avtale med Ålesund kommune om utveksling av ressursar knytt til skule på om lag 80% stilling. Dette vert refundert av Ålesund kommune.

Undervisning – Harøy skule

Tenester – brukar, innbyggjar

Tilpassa opplæring og tidleg innsats er sentralt for å nå skulens mål. Det kan også gjere det muleg å få ned talet på elevar som treng spesialundervisning. Ressursar (vaksentettleik) er i større grad prioritert inn mot dei yngste elevane for å sikre tidleg innsats. Det har vore to-lærarsystem i norsk, engelsk og matematikk.

Tilstandsrapporten som viser resultat for elevar og skulemiljø, vart lagt fram for kommunestyret hausten 2019. Jamt over er det gode resultat når det gjeld læringsmiljø. Vi ligg på fylkes- og nasjonalt nivå, med unntak for elevdemokrati og vurdering for læring på 7. trinn. Tala viser at elevane opplever stor grad av støtte frå lærarar og meistring i skulekvardagen. Læringsresultatet varierer, men ligg samla sett litt i underkant av gjennomsnittet for landet. Sjølv med satsing på lesing, ser vi ikkje heilt den utviklinga vi ønskjer. Likevel trur vi fokuset på dei grunnleggjande ferdigheitene, og spesielt fellessatsinga "Lesing som grunnleggjande ferdigheit" vil gje positiv effekt på resultatata framover.

I tillegg til den daglege drifta, har arbeidet med det psykososiale miljøet vore prioritert. Det er ønskeleg å skape felles praktisering ovanfor elevar mellom anna når det gjeld reaksjon på uønska oppførsel. Skulen ser eit aukande behov for samtale, oppfølging og rettleiing til både elevar og foreldre. Dei tilsette nyttar mykje tid til å følgje opp desse behova og dokumentasjon av dette. Skulesektoren har ikkje digitale løysingar som lærarar kan nytte i dette arbeidet.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Tilsette i skulen har god formalkompetanse. Sosiallærar og miljøterapeut er eit positivt bidrag inn i skulen. Gode lærarressursar til elevane har blitt prioritert, men mellom anna permisjonar og sjukefråvær har gjort at det har vore noko utfordringar med å få kabalen til å gå opp.



Bilda av tilsette i skulen og skulefritidsordninga tatt på avslutningsfesten for Sandøy kommune.

Rektor og ass. rektorstillingane vart utlyst, og det vart gjort tilsetning frå 1.1.2020. Stabil leiing er viktig for skulen og blir sett på som sær s ønskeleg blant tilsette. Medråderettsmøta og medarbeidarsamtalar har blitt prioritert, men mindre enn ønskeleg. Det blir meldt om at arbeidsmiljøet blant kollegar blir opplevd som godt, men det har skapt nokre utfordringar med stadig skifte og usikkerheit kring leiing.

Prioriterte tiltak

Prioriterte tiltak i 2019 var tidleg innsats, tilpassa opplæring, medverknad og digitalt førsteval. Hovudprioritet til midlertidig leiing har vore å legge til rette for at den daglege drifta av skule skal fungere best mogleg. Planen «Det psykososiale miljøet til elevane», SIM (skulens innsatsteam mot mobbing) og andre planar/tiltak i skulen skal ha prioritet. Elles er tidleg innsats ei viktig satsing. Dette skjer gjennom tilstrekkeleg vaksentettleik, god klasseleiing og at ein kjem tidleg inn med godt tilpassa spesialtiltak til elevar som har behov for dette. Medråderettsorgana skal prioriterast, men er gjennomført i varierende grad. Skulen har starta med å gjere seg kjente med Fagfornyinga og nyttar Kompetansepakken frå UDIR i dette arbeidet. Arbeidet med uteområde starta opp i 2019 og må iverksettast i 2020.



Uteområde skulen. Det er løyvd midlar til forbetring.

Integrering og vaksenopplæring

Tenester - brukar, innbyggjar

Vaksenopplæringa vart avvikla sommaren 2019. Ved semesterstart er det tre elevar som starta på norskkurs i Haram, 2 introduksjonsprogramdeltakarar og 1 på familiegjenforening. Alle desse har rett og plikt til norskopplæring. Vi kjøper desse tenestene av Haram kommune. Det er berre tre deltakarar i introduksjonsprogrammet ved utgangen av desember 2019. Frå 01.01.2020 vert desse deltakarane overført til verksemd Flykting i Ålesund kommune, avdeling Haram.

Medarbeidar

På grunn av avvikling av vaksenopplæringa og få deltakarar i introduksjonsprogram, er det no berre ein tilsett i desse tenestene. Om lag 25 % av denne stillinga vert brukt til arbeid opp mot dei busette flyktingane.

Prioriterte tiltak

Ved hjelp av tett samarbeid med NAV har det vore arbeid med å oppnå at overgangen mellom introduksjonsprogram og vidare arbeid/skulegang vert best muleg for den enkelte. Introduksjonsprogrammet er gjennomført i tråd med lov og forskrift.

Barnehage

Økonomi

Barnehagen har eit mindreforbruk på vel 700 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak at det ikkje er nytta like mange årsverk i tenesta som budsjettert. Dette er i tråd med nedgang i barnetal. Vidare har barnehagen hatt høgare inntekter enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak refusjon av sjukepengar og ulike tilretteleggingsmidlar. Det er likevel forventa at barnehagen får høge KOSTRA-tal mellom anna pga. utgifter til ungdomsretta tiltak, ulike kompetansehevingstiltak og vikarutgifter knytt til tillitsvalds- og kommunereformarbeid, tilsette under utdanning og høgt sjukefråvær.

Tenester

Det er hovudvekt på allmennpedagogisk arbeid, og at leiken skal ha ein sentral plass. Vaksne sin relasjonskompetanse i samspel med barn og barna sin trivsel i kvardagen er vektlagt. Vi legg og vekt på observasjon og tidleg innsats i høve til barn som kan ha eller har behov for spesialpedagogiske tiltak, og har sett inn tiltak der det har vore aktuelt. Vi ser auke i talet på barn som treng ekstra oppfølging på språk og samhandling med andre barn. Dette fører til behov både for spesialpedagogiske tiltak knytt til individuelle behov, og generelle styrkingstiltak i barnegruppene. Fleire tiltak er sett i verk utover behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen arbeider mellom anna med systematiske gruppeaktivitetar knytt til språk og sosioemosjonell utvikling. Styrking er vidareført heile hausten 2019.

Barnehagen samarbeider med kommunal fysioterapeut, og vi gjennomfører universelle tiltak for fleire av gruppene knytt til fysisk og psykisk helse.

Pr. 01.01.19 hadde 47 barn plass i barnehagen. Med aktuell samansetting av barn over og under 3 år, utløyste barnetalet totalt 65 plassar for vår 2019. Per 12.12.19. hadde barnehagen 38 barn. Dette utløyser med bakgrunn i alderssamansetting i barnegruppene 49 plassar. Rett til barnehageplass er oppfylt.

Det er gjennomført foreldremøte og foreldresamtalar i tråd med oppsette planar, og spesialpedagogiske vedtak er m.a. fulgt opp gjennom utarbeiding av individuelle pedagogiske planar og rapportar. Barnehagen samarbeider med fleire tenester i oppfølging av einskildbarn og familiar.

Brukar og innbyggjar

Barnehagen har ikkje gjennomført nasjonal foreldreundersøking i 2019. Dette skuldast i hovudsak mangel på kapasitet i leiinga, både på grunn av reduksjon i administrasjonsressurs og deltaking i arbeidet med kommunesamanslåing.

Det er gjennomført fleire møte i Samarbeidsutvalet. Barnehagen har utarbeidd og iverksett ny plan og årshjul for foreldremøte i tenesta, med utgangspunkt i førebyggjande folkehelsearbeid. Det vert arrangert fleire foreldremøte i barnehagen i samarbeid med andre tenester. Våren 2019 vart det gjennomført temamøte for alle foreldre med 1- åringar og for alle foreldre med barn i førskulegruppe i samarbeid med førebyggjande teneste for barn og unge. Barnevernstenesta frå Ålesund deltok på foreldremøte for alle nye barn.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Pedagog- og personaltettleik er oppfylt i tråd med gjeldande lov og forskrift, og barnehagen har ingen pedagogar på dispensasjon. Barnehagen nyttar om lag 0,8 årsverk per 12.12.19 til spesialpedagogiske vedtak og styrkingsressurs i tillegg til minimum grunnbemanning.

Barnehagen har løyst delar av utfordring med overtalige med midlertidige permisjonar. Frå august 2019 var det ytterlegare nedgang i barnetal, og barnehagen hadde per 31.08.19 eit

reelt tal på overtalige i 1,1 årsverk på faste lønsutgifter. Etter avtale med tillitsvalde og administrativ leing gjennomførte barnehagen prøveordning med å nytte fast tilsette i vikarbank. Frå 01.10.19 vart overtalige redusert til 0,70 årsverk pga. tilsette i delvis permisjon.



Bilda av tilsette i barnehagen tatt på avslutningsfesten for Sandøy kommune.

Det er fleire kompetansehevande tiltak i barnehagen. Ein tilsett tek grunnutdanning som barnehagelærar, og ein tilsett tek utdanninga «Barn med særskilte behov» i fagskuleutdanning. På personalmøte og planleggingsdagar har det vore internt opplegg for kompetanseheving om språkvanskar. I tillegg deltaking i barnehageprosjektet «Opp og fram – ein nyskapande barnehagesektor» saman med Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Høgskulen i Volda. Barnehagens fokus i prosjektet er «Progresjon og vurdering». Som ledd i prosjektet har barnehagen m.a. fokus på læringsmiljø og pedagogisk analyse, og arbeider med å utvikle observasjons- og vurderingskompetanse knytt til barns oppleving av mestring.

Det vart gjennomført medarbeidarsamtalar vinter 2019, der tilbakemeldingane jamt over var positive, og tilsette melder om godt arbeidsmiljø og trivsel.

Prioriterte tiltak

Folkehelse og tidleg innsats

- psykisk helse, trivsel og vaksne sin relasjonskompetanse: ny faglitteratur til personalet
- pedagogisk arbeid for å fremje livsmeistring, sosial og emosjonell utvikling: vidareført utviklingsarbeidet «Opp og fram», fokus barns oppleving av mestring, læringsmiljø m.m.
- fysisk helse: leikbasert aktivitet i samarbeid med fysioterapeut i storbarnsavdeling, fysisk aktivitet i samband med song og musikk på småbarnsavdeling, samarbeid med storkjøkken om kjøp av varmmat.
- førebyggje, avdekke og hjelpe barn som har det vanskeleg: bruk av observasjonsmaterieil, pedagogisk materieil, samarbeid med andre instansar og tenester
- tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet: «Opp og fram», observasjon/vurdering av barnegruppene og konkretisering av det pedagogiske arbeidet i tråd med dette
- implementere nye rutinar for samarbeid med heimen: foreldremøte gjennomført

Språk

- barnehagen sitt språkmiljø – tiltak med fokus på språk, innkjøp av pedagogisk materieil
- leselede, bruk av bøker og språkleg aktivitet

Kompetanse og kvalitet

- ny rammeplan: vidareføring av arbeidet med «Opp og fram»
- språkløyper: fullført kompetansehevingspakke Språkvanskar
- nasjonal og lokal plan for kompetanseheving: satsingsområde, «Opp og fram»
- plan overgang barnehage og skule: arbeid i førskulegruppa gjennomført i tråd med plan
- ståstadsanalyse og nasjonal foreldreundersøking: ikkje gjennomført.

Kultur og frivillighet

Økonomi

Kulturelle tenester viste balanse ved utgangen av året.

Tenester – brukar – innbyggjar – prioriterte tiltak

Planlegging

Sandøy kommune har i samarbeid med Nordmøre og Romsdal friluftsråd gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Utkast til kulturminneplan er lagt fram for kommunestyret. Dette arbeidet må vidareførast i Ålesund kommune.

Kulturskolen

Sandøy kulturskole har pt 57 elevar fordelt på 65 elevplassar. Kulturskolen har eit tilpassa aktivitetsnivå gjennom året og har blant anna hatt konsertar, skolekonsert, rekrutteringskonsert, 17. mai og feiring av Sandøytunet. Fokus for kulturskolen er framover rekruttering. Det å halde på elevane utover ungdomsskolen står også på planen, og det blir vurdert ulike tiltak i tilknytning til dette, for eksempel fordjupingsfag, helgekurs og samarbeid med musikk lærarar frå andre kulturskular. Samspelprosjektet (på tvers av instrument) blir fulgt opp. Elevane synest det er kjekt og givande. Det vart for første gong halde kulturskolekonsert i kirka. Dette for å utforske nye og ulike arena som igjen gir ny inspirasjonen til kunstnerisk utvikling.



Bilda av tilsette på kulturskole og bibliotek tatt på avslutningsfesten for Sandøy kommune.

Biblioteket

Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek med både skule- og folkebibliotek. Biblioteket har eit svært høgt utlån av barnebøker og eit godt utlån av vaksnebøker. Sidan biblioteket no er ein del av roda til Bibliotektransporten, har det blitt ein svært stor auke av utlån av fjernlån-bøker til andre bibliotek i landet. Biblioteket er, i følgje fylkesstatistikken, eit av dei tre beste i fylket når det gjeld aktive lånarar som har vore på rundt 20 prosent av befolkninga i kommunen. Besøkstalet ligg på rundt 50 besøkande per dag. Biblioteket er ope fire dagar i veka der til saman ein dag er skulebibliotek og tre dagar er folkebibliotek. Biblioteket gjekk frå å vere ope 25 timar i veka til å vere ope 27 timar i veka i 2019. Biblioteket fungerer som møtelokale for ulike lag og organisasjonar som til dømes leseomboda.

Det har vore arbeidd aktivt med å gjere biblioteket til ein møteplass for innbyggjarane. Eit av tiltaka har vore ein auke i talet på arrangement. Sandøy bibliotek har til dømes gått saman med biblioteka i dei andre kommunane som går inn i nye Ålesund kommune, om prosjektet «Skaporama». Prosjektet fekk tildelt 1,9 millionar kroner frå ulike sponsorar. Skaporama har gått ut på å halde fem arrangement for barn i løpet av 2019. Desse arrangementa har gått på rundgang mellom biblioteka. Biblioteka i Haram, Sandøy, Skodje og Ørskog har også gått saman, og fekk tildelt midlar frå fylkesbiblioteket til ulike arrangement for å feire Bokåret

2019. Biblioteket har hatt 30 arrangement i 2019 der det til saman har vore 700 deltakarar. Skulebiblioteket har også hatt rundt 180 klassebesøk i 2019 i tillegg til besøk av barnehagen.

Bygdekino



Biblioteket er lokal kontakt for bygdekinoen. Det har vore 22 kinoframsyingar på Harøy i 2019.

Frivilligsentral – frivillig arbeid

Frivilligkoordinator tok til i stillinga hausten 2019. Frivilligkoordinator har mellom anna ansvar for ungdomsklubben Kvalen. Foreldre er frivillige der. Både foreldre og ungdomar har delteke i opp-pussing av nye lokale for ungdomsklubben. MAKS (maritimt aktivitetssenter) blir også fulgt opp av frivilligkoordinator. Det er laga rutinar for utlån, og det skal vere ei ressursgruppe, arrangerast kurs etc. Frivilligkoordinator samarbeider med andre i kommunen om ulike tiltak og har laga oversikt over frivillige lag og organisasjonar.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

